

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Laga samansette tekstar og grunngje val av uttrykksformer</li> </ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Reading, writing and speaking about people who have changed the world for the better</li> <li>Using present and past continuous</li> <li>Recognizing and using formal and informal language</li> </ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Læra om ulike geometriske mønstre</li> <li>Læra om eigenskapar til ulike polygoner og sirkelen</li> </ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forklara kva fornorskingspolitikken gjekk ut på, og forklara korleis denne hang saman med nasjonsbygginga, tankane og haldningane på 1800-talet.</li> <li>Vurdera ulike kjelder, og bruke dei til å diskutere korleis fornorskinga påverka den samiske befolkninga.</li> <li>Diskutera forholdet mellom den norsk staten og samane i dag.</li> </ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> <li>Læringsmål for prøve i buddhisme: Sjå læringsmål veke 40-42</li> <li>Å kunne presentera sentrale trekk ved kristendommen slik det vert formidla gjennom evangelia</li> <li>Å bli kjend med og vurdera ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne</li> </ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdere sikkerheitstiltak som er knytt til forsøka</li> <li>Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt</li> <li>Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunne avgjere om ei reaksjonslikning er balansert</li> </ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna beskriva gjenstandar og rom i et hus eller leilegheit</li> <li>Bruke ord og verb som HAY, ESTAR, TENER og SER for å beskriva eit hus eller by.</li> <li>Repetisjon av fargar</li> </ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka ordforrådet</li> <li>Kunna bruke nominativ og akkusativ</li> <li>Kunna snakka om kva me ønskjer på tysk</li> <li>Skriftleg vurdering</li> </ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> <li>Reflektera over variasjon i tenkesett, kommunikasjonsmønstre og samhandlingsformer i den virtuelle og verkelige verda</li> <li>Gjera reie for eiga rolle i ulike medier og reflektera kritisk over korleis eleven framtiller seg sjølv og andre på nett</li> </ul>
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> <li>utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar</li> <li>trene på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> </ul>
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Komponera filmmusikk på Garageband på ipaden.</li> </ul>
Mat og Helse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planleggja og bruke eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fiska, jakta eller hausta frå natur og fortelje korleis naturressursar kan nyttas og oppbevarast</li> <li>• Reflektera over etisk og berekraftig bruk av naturressursar</li> <li>• Gjera greie for allemannsrett og bestemmingar som regulerer ferd i og bruk av naturen</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføra praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre</li> <li>• Følga etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø, læringsmiljø, sosiogram</li> </ul>

## **INFORMASJON TIL HEIMEN**

### **Elevbedrift**

Dei ulike bedriftene har no vorte etablerte og elevane har arbeida med forretningsidé, lagt ein plan og skrive samarbeidsavtale. Samtidig er dei i gang med å førebu produksjonen, marknadsføring, logo etc.

I veke 44 og 45 byrjar produksjon og salsperioden for bedriftene. I løpet av desse vekene vil elevane få nokre halve dagar for å arbeida. Dette arbeidet kan elevane gjer i klasserommet eller heime hjå kvarandre. Bedriftene vil ikkje få tilgang til skulen sine spesialrom.

Elevane skal visa fram bedriftene og produkta sine for føresette, familie og vener på ei messe i gymsalen på skulen, torsdag 16.november kl. 17-18.30.

### **DKS**

Elevane skal få sjå ei danseframvisning gjennom den kulturelle skulesekken tysdag i 3.time.

### **Vurderingar**

Heile trinnet skal ha ei prøve i KRLE i 2.time torsdag.

### **Elevsamtalar og utviklingsamtalar**

Lærarane gjennomfører for tida elevsamtalar og vil kalla inn til utviklingssamtalar fortløpande.

### **Refleks**

Elevane fekk utdelt refleksbånd på torsdag, og me håper at alle brukar denne kvar dag. Det er mørkt om morgonen no, så det er viktig å bli sett i trafikken.

### **Status på trinnet**

Den siste tida har me hatt ein innstramming angående leikeslissing på trinnet, då me har sett at det litt for ofte har gått for langt. Me merkar at elevane har teke beskjeden, og har allereie sett ei betring.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 43	
<b>Norsk</b>	Tenk på ein marknadsføringsplan for bedrifta di. Korleis skal folk få vita om at bedrifta finns? Korleis når me målgruppa på best mogleg måte? Forslag til namn og slagord for bedrifta.
<b>Engelsk</b>	Read this text <a href="#">Old Joe and the Carpenter</a> and answer these questions: 1. Why do you think the carpenter builds a bridge instead of a fence? 2. What is the message of this folktale?
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 2.6, 2.7 og 2.9 på s. 65-66 i grunnboka. Legg inn bilete av arbeidet på OneNote.
<b>Samfunnsfag</b>	Les " <a href="#">Nasjonsbygging utan samar</a> " på aunivers. Gjer oppgåva " <a href="#">Kva skjedde med befolkninga i Kvæningen</a> " på aunivers. Ta eit skjermbilete av svara dine, og legg inn på OneNote.
<b>KRLE</b>	<b>Prøve i buddhismen torsdag 26.okt i 2.t.</b> Ver godt budd til prøven! Bruk relevante lesestrategiar. Sjå på arbeid me har gjort på ON. Spør faglærer om noko er uklart. Disponer tida di godt.
<b>Naturfag</b>	Les om syrer og basar i Solaris 9.
<b>Spansk</b>	Gjer oppgåve 2 og 3 på s. 18-19 i Gente ejercicios.
<b>Tysk</b>	Skriftleg vurdering på tysdag (veke 43), førebu deg. Målarket ligg på teams
<b>Eng fordj</b>	Read p. 76-78 in OnTheMove2. Answer the question beneath the text and learn the new words. Dictation on Thursday (ON).
<b>Arbeidslivsfag</b>	Morten jobbar framleis med å komma på besøk til alle saman. Veldig fint om de kan be arbeidsgivarane dykkar om å sjekka om dei har fått e-post frå skulen. Om dei ikkje har fått det, er det fint om dei tek kontakt på mail til; morten.erga.finsberg@time.kommune.no.
<b>Kroppsøving</b>	Innegym: Innebandy
<b>Musikk</b>	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med.
<b>Mat og Helse</b>	På kjøkkenet skal me laga: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lapskaus m pølse (s 70)</li> <li>• Wok med svinekjøtt (s 76)</li> <li>• Tilsørte bondepiker (s 110)</li> <li>• Bollar (s 131)</li> </ul> <p>I teoritimane skal me jobba vidare med kostråd, hygiene og næringsstoff</p> <p>Hugs forkle og hårstrikk</p>
<b>Friluftsliv</b>	Prosjektarbeid / Tur i nærmiljø: Møt i 9A sitt klasserom
<b>Innsats for andre</b>	Møt i klasserommet til 9C. Me skal førebu opplegg til utplassering. Nokre grupper skal starta å jobba. Hugs å skriva logg (ON) etter kvar jobbdag.

## HEIMEARBEID VEKE 44

<b>Engelsk</b>	Write a paragraph or two about what your group is doing in your company programme (elevbedrift). You can make a video where you talk instead if you want. Put your answer on ON.
<b>Samfunnsfag</b>	Vel deg ei av historiene i denne artikkelen frå <a href="http://nrk.no">nrk.no</a> . Legg inn lenka til historia du las. Gjer oppgåva " <a href="#">Myte eller fakta</a> " på aunivers. Ta eit skjermbilete av svara dine, og legg inn på OneNote.
<b>KRLE</b>	Les introduksjonsartikkel «Jesus og evangelia» i aunivers. Vel eit av dei to bileta i artikkelen og beskriv det med 5 ord. Kva legg du i ordet «evangelium»?
<b>Naturfag</b>	Leksefri. Jobb med EB.
<b>Spansk</b>	Beskriv rommet ditt på spansk. Bruk preposisjoner og prøv å bruka bindeord for å ha samanheng i teksten din. Lever på ON
<b>Tysk</b>	Les teksten <a href="#">Wer sagt was</a> og gjer oppgåve 1 (skriftleg, ON).
<b>Eng fordj</b>	Read p. 79 in OnTheMove2. Answer the question beneath the text and learn the new words. Dictation on Thursday (ON).
<b>Arbeidslivsfag</b>	Morten jobbar framleis med å komma på besøk til alle saman. Veldig fint om de kan be arbeidsgivarane dykkar om å sjekka om dei har fått e-post frå skulen. Om dei ikkje har fått det, er det fint om dei tek kontakt på mail til; morten.erga.finsberg@time.kommune.no.
<b>Kroppsøving</b>	Innegym: Turn
<b>Musikk</b>	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med.
<b>Mat og Helse</b>	På kjøkkenet skal me laga: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lapskaus m pølse (s 70)</li> <li>• Wok med svinekjøtt (s 76)</li> <li>• Tilslørte bondepiker (s 110)</li> <li>• Bollar (s 131)</li> </ul> <p>I teoritimane skal me jobba vidare med kostråd, hygiene og næringsstoff</p> <p>Hugs forkle og hårstrikk</p>
<b>Friluftsliv</b>	Prosjektarbeid / Tur i nærmiljø: Møt i 9A sitt klasserom
<b>Innsats for andre</b>	Skriv logg (ON) etter kvar jobbdag.